

29. mars 2012

EOS-utvalets årsmelding til Stortinget

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste leverte torsdag 29. mars årsmeldinga for 2011 til stortingspresident Dag Terje Andersen.

EOS-utvalet er oppnemnd av Stortinget for å føre kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste som vert utøvd av eller på vegne av offentlege styresmakter til vern av nasjonale sikkerheitsinteresser.

Utvalet utfører arbeidet sitt uavhengig av Stortinget, men gir kvart år ei ugradert melding til Stortinget om verksemda i det føregåande året.

15 år med parlamentarisk kontroll

I 2011 har EOS-utvalet lagt bak seg 15 år med kontroll av dei hemmelege tenestene.

- EOS-tenestenes verksemd er i større grad regulert i dag enn for 15 år sidan, seier utvalsleiar Løwer og peikar på at dette har vore ei nødvendig og viktig utvikling sett frå eit kontrollperspektiv.

På same tid har tenestene og samfunnet elles vore gjennom ei rivande teknologisk utvikling, som stiller store krav til utvalets kontrollverksemd samstundes som den gjer det mogleg å føre ein meir effektiv kontroll med tenestene.

Erfaringane har vist at EOS-kontrollen bidrar til å sikre enkeltindividets rettstryggleik – og til å skape tillit til at tenestene opererer innanfor sitt rettslege rammeverk.

Manglande orientering om skjult fjernsynsovervaking

PST gjennomførte i ei etterforskingssak skjult fjernsynsovervaking av kjellarboda til ein person som var mistenkt for å ha inngått terrorforbund med to andre personar.

Til tross for at utvalet hadde fått løpande orienteringar om metodebruken i saka i lengre tid, hadde PST ikkje opplyst om den skjulte fjernsynsovervakinga. Overvakinga gjekk heller ikkje fram av det skriftlege materialet i etterforskingssaka.

- Utvalet forventar at PST på eige initiativ orienterar utvalet om alle former for inngripande metodebruk, seier Løwer. Ho kritiserer den manglande orienteringa og peikar på at det er ekstra viktig at PST orienterar utvalet om inngripande metodebruk som heller ikkje vert lagt fram for retten.

Utvalet konkluderte med at overvakinga var så inngripande at det var nødvendig med heimel i lov. Sidan PST ikkje har lovheimel til skjult fjernsynsovervaking på privat stad, kom utvalet til at PST ikkje skulle ha overvaka kjellarboda.

Årsmeldinga og ein kortversjon av denne er tilgjengeleg på EOS-utvalets nettside:

www.eos-utvalget.no.

Kontaktperson:

Utvalsleiar Eldbjørg Løwer, tlf. 97 57 31 90 / 23 31 09 30